



DEN NORSKE KYRKJA

Prosten i Nordhordland

Kyrkjevegen 1, 5911 Alversund

dek 31

Kultur- og kirkedep.	
NI	
Saksnr. 03/385	Dato. 27.11.03
Fode. 570	Beh. KRS

Til Kultur og Kirkedepartementet

NYE TENESTEORDNINGAR. HØYRINGSFRÅSEGN.

TENESTEORDNING FOR PROSTAR.

Det er heilt naudsynleg at det no kjem ny tenesteordning for prostar, som tek omsyn til den utvikling som har vore i prostens teneste dei siste åra og til den nye Kyrkjelova frå 1996. Eg vil gje fylgjande merknader til framlegget:

1. Framlegget til ny tenesteordning reindyrkar meir enn før prosten si rolle som leiar av prestetenesta i prostiet. Dette er ei stadfesting av det ansvar som alt i stor grad er gjeve ved delegasjon i alle fall i Bjørgvin bispedømme. Dette er viktig og nødvendig.
Det som går tapt, er det ansvar som prosten har etter tidlegare tenesteordning for heile det kyrkjelege liv i prostiet, slik det kjem fram serleg i § 2 og § 5 i den tidlegare tenesteordninga. Det burde vera mogeleg å få fram dette ansvaret meir tydeleg enn i § 5 fyrste avsnitt også i ny tenesteordning, utan at det vert oppfatta som utilbørleg innblanding i det ansvar som arbeidsgjevar har. Eg gjer framlegg om at § 2 fram til fyrste komma i gamal tenesteordning vert ført vidare som tilføyning i fyrste avsnitt i § 5.
2. Det kan vera godt for prosten at det er sagt direkte at det pastorale ansvar som er nemnt i § 4, skal utøvast i samsvar med Skrift og vedkjenning. At dette er så tydeleg føresett at det ikkje treng nemnast, er nok diverre ikkje opplagt. Utan at dette er med, gjev denne paragrafen berre eit inntrykk av at det er tilstrekkeleg at presten utfører dei pålagte tenester utan at prostens pastorale ansvar vert innhaldsbestemt.
3. Det er på høg tid at det ikkje lenger vert sjølv sagt at prosten samstundes skal vera sokneprest. Eg stør framlegget i § 6a om at prosten heretter skal gjera kyrkjelydsteneste slik biskopen fastset. Det er likevel viktig å vera klår over at delegasjon av sokneprestansvar til kapellan i vanlegvis ikkje vil vera mogeleg i prestegjeld der det berre er tilsett ein prest utanom prosten på grunn av at arbeidsbøra for kapellanen allereide er meir enn stor nok. Skal det gjennomførast at prosten ikkje er sokneprest, må det tilførast ein ekstra prestestilling til desse prestegjelda.
4. I gjeldande tenesteordning § 4, er det fastsett at prosten er administrativ mellominstans mellom prestar /sokneråd/fellesråd og bispedømmet. Dette punktet er ikkje med i framlegget til ny tenesteordning. I framlegget til tenesteordning for

Postadresse
Kyrkjekontoret
Kyrkjevegen 1
5911 ALVERSUND

Besøksadresse
Kyrkjelydshuset
Kyrkjevegen 1
Alversund

Telefon 56 35 73 70
Telefax 56 35 73 71
E-post:

menighetsprester § 8 er et fastsett at tenstleg korrespondanse skal gå tenesteveg. Det bør vel og vera fastsett tilsvarende i tenesteordning for prost slik det no er i § 4.

TENESTEORDNING FOR MENIGHETSPREST.

1. Det er ynskjeleg med ei overordna målsetjing for prestenesta, der det pastorale tilsynsansvar kjem klårt fram. Dette kan evt formulerast som innleiing til § 2.
2. Framlegget understrekar sterkt prostens rolle som leiar for prestenesta, og legg elles opp til at prestegjeldet vert nedtona som tenestedistrikt i høve til prosti og sokn. Eg gjev mi tilslutning til å opna for ei slik utvikling. I denne samanheng er det viktig å ta vare på den nære tilknytning mellom presten og det soknet han har serleg ansvar for. Vi må ikkje koma i den situasjon at prestens teneste fordeler seg på eit så vidt område at kyrkjelydane ikkje kjenner nokon som sin prest. Det er viktig at § 9 og 10 får ei utforming der dette vert teke vare på.
3. Ein konsekvens av dei ordningane som vert gjort framlegg om, er at skilnaden mellom kapellanar og sokneprestar vert nedtona. Samstundes held framlegget oppe den ordning som no er at soknepresten vert næraste overordna for kapellanen. Det ville vera rimeleg om ein tok steget heilt ut og let alle prestar som har ansvar for eit eller fleire sokn vera sokneprestar (Jamfør forsøket i Ytre Sogn) Då ville prostens få eit naturleg ansvar som næraste overordna for alle prestar med kyrkjelydsteneste, og såleis ha ansvar for å ha medarbeidarsamtale med dei på vegne av arbeidsgjevar.

Nordhordland prosti 25. november 2003


Kåre Mestad